

STRATEGI FOR DIGITALISERING I STORDSKULEN

INNHALD:

1. Om strategien
 - 1.1. Mandat og bakgrunn
 - 1.2. Målsetjing og oppbygning
2. Overordna føringar
 - 2.1. Om overordna føringar
 - 2.2. Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK20)
 - 2.3. Kommunale føringar og planar
3. Føringar for fagdel
 - 3.1. Målsetjing og rammer
 - 3.2. Innhald i fagdelen
 - 3.3. Prosess og medverknad
4. Roller og ansvar
 - 4.1. Skuleeigar
 - 4.2. Skuleleiarar og skular
 - 4.3. Lærarar og lærarkollegium
 - 4.4. IKT-avdelinga
 - 4.5. Elevar
 - 4.6. Føresette

1. OM STRATEGIEN

1.1. Mandat og bakgrunn

Innleiing:

Strategi for digitalisering i Stordskulen handlar om den digitale delen av opplæringa, og vil vera underordna Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK20). LK20 gir føringar for heile opplæringa, også der ein ikkje skal bruka digitale verktøy, som t.d. bruk av fysiske bøker, skriving for hand, fysisk aktivitet, sosial kompetanse og mykje anna (sjå også kap.2.2.).

Mandat:

Strategi for digitalisering i Stordskulen er ei konkretisering og tydeleggjering av digitaliserings-aspektet i Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK20) og andre sentrale føringar. Den er forpliktande for alle aktørar som arbeider med teknologi og digitalisering knytt til skulane i Stord, eit verktøy for kvalitetssikring og eit hjelpemiddel for aktørane i Stordskulen. Strategien er forankra i mandat godkjent av Utval for Oppvekst og kultur 02.02.21.

Bakgrunn

Allereie hausten 2020 var det starta ein prosess for å få ein felles plan for arbeidet med teknologi og digitalisering i Stordskulen, og det vart samla inn innspel frå rektorgruppa og fagavdelinga, PPT-leiar og ressurspersonar innan IKT på skulane i tillegg til Utdanningsforbundet. Nokre av momenta som kom tydeleg fram her var at:

- Strategien bidrar til felles fokus og heilskap i kommunen og sikrar eit likeverdig tilbod
- Strategien gir tydelege forventningar til aktørane i skulen
- Strategien er knytt opp mot læreplanen og andre sentrale, relevante dokument
- Det er ein levande plan som er lett å bruka, tilgjengeleg og nyttig i det daglege
- Den fungerer som ein ressursbank og er lenka opp mot relevante ressursar
- Strategien gir god og praktisk informasjon i det daglege arbeidet
- Det blir fokusert på kompetanse, oppfølging, kursing og nettverksarbeid

Innspela frå tilsette og leiarar vektlegg mellom anna at strategien skal vera dynamisk og levande, og nært knytt til det daglege arbeidet. For å ivareta dette blir det laga ein fagdel som i tillegg til meir konkrete og praksisnære aspekt skal følgja med på fagleg utvikling og forskning, i tillegg til den strategiske, overordna delen som blir politisk vedtatt slik det går fram av saksutgreiinga og mandatet.

Den endelege strategien er utarbeidd av ei partssamansett prosjektgruppe.

1.2. Målsetjing og oppbygning

Målsetjing:

Målsetjinga for strategien er å kvalitetssikra og tydeleggjera opplæringa knytt til dei ulike aspekta ved teknologi og digitalisering i Stordskulen slik den er forskriftsfesta i Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK20). Strategien, særleg gjennom fagdelen, skal også vera eit verktøy og hjelpemiddel for aktørane i skulen i dette arbeidet. LK20 og andre sentrale føringar er også rammene for strategien. Stord kommune har ei klar målsetjing om at digitale ressursar skal vera ein naturleg del av elevane sitt læringsarbeid.

For å hjelpe skulane med implementeringa av digitale ressursar og bidra til å utvikle lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse, ynskjer Stord kommune å inngå eit samarbeid med HVL, til dømes om å utvikle og bruke ein digital didaktisk verkstad / læringslab. På denne måten kan Stord kommune og HVL styrke praksissamarbeidet og utvikle profesjonsfagleg digital kompetanse saman.

For å nå målsetjinga og ivareta elevane si opplæring i tråd med LK20, vil kommunen setje inn tiltak knytt til både kompetanse, ressursar og innhald. Tiltaka vil bli ivaretatt gjennom fagdelen. Det vil vera ein føresetnad at det blir prioritert tilstrekkelege økonomiske og personalmessige ressursar for at tiltaka skal bli gjennomført.

Oppbygning:

Strategi for digitalisering i Stord skulen er ein del av kommunen sin overordna digitaliseringsstrategi, og har to hovuddelar: Strategidelen og fagdelen.

Strategidelen er politisk vedtatt, og gjev føringar for skuleeigar og skulane i Stord i arbeidet med å konkretisere og kvalitetssikre opplæringa i teknologi og digitalisering i tråd med overordna føringar i LK20 og andre sentrale dokument. Strategidelen har fire fokus:

1. Koordinering og samkjøring med kommunen sitt øvrige relevante planverk
2. Overordna føringar og fagleg grunnlag
3. Oppbygning, rammer, prosess og medverknad
4. Rammer for fagdelen

Fagdelen skal vera eit levande dokument som konkretiserer føringar i strategidelen, og vera eit verktøy og hjelpemiddel for dei som arbeider med teknologi og digitalisering i Stord skulen.

2. OVERORDNA FØRINGAR

2.1. Om overordna føringar

Læreplanverket Kunnskapsløftet LK20 (fagfornyninga) er forskrift til Opplæringslova. Dette er det mest sentrale dokumentet i alt arbeid i skulen, og er forpliktande for både skuleeigar, skuleleiarar, lærarar og andre aktørar i skulen. LK20 er gjort nærare greie for i kapittel 2.2.

Andre sentrale dokument:

Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017-2021 «Framtid, fornyelse og digitalisering» (Kunnskapsdepartementet) poengterer skuleeigar sitt ansvar for å gjennomføre opplæringa i tråd med lovar og regelverk. Hovudmåla er at

- *"Elevene skal ha digitale ferdigheter som gjør den i stand til å oppleve livsmestring og lykkes i videre utdanning, arbeid og samfunnsdeltakelse".*
- *"IKT skal utnyttes godt i organiseringen og gjennomføringen av opplæringen for å øke elevenes læringsutbytte".*

Det kjem ny digitaliseringsstrategi i 2021, og denne bør difor følgast opp i fagdelen.

Handlingsplan for digitalisering i grunnopplæringa 2020-2021 (Kunnskapsdepartementet) har følgjande hovudområde:

- Roller og ansvar
- Samspel om tilgang til digitale læringsressursar

- Personvern og informasjonstryggleik
- Digital kompetanse hos skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar
- Kunnskapsgrunnlag om digitalisering i skulen (forskning).

Rammeverk for lærarane sin profesjonsfaglege, digitale kompetanse (Senter for IKT i Utdanningen, 2017) trekk fram kva slags kompetanse lærarar bør ha knytta til

- Fag og grunnleggjande ferdigheiter
- Skulen i samfunnet
- Etikk
- Pedagogikk og fagdidaktikk
- Leiing av læringsprosessar
- Samhandling og kommunikasjon
- Endring og utvikling og samspelet mellom desse faktorane.

I tillegg er sjølvsgatt Opplæringslova og anna lovverk og forskrifter som er gjeldande for skulen også aktuelt.

2.2. Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK20)

Bakgrunn for LK20:

LK20, også kalla som fagfornyinga, bygger på den førre læreplanen Kunnskapsløftet K06, og er ei fornying av denne. Aktuelle forarbeid for LK20 er:

- NOU 2014: 7 - regjeringen.no: Elevenes læring i fremtidens skole.
- NOU 2015: 8 - regjeringen.no: Fremtidens skole.
Desse to rapportane er levert av Ludvigsenutvalet, og dannar grunnlaget for stortingsmelding 28.
- Meld. St. 28 (2015–2016) - regjeringen.no: Fag – fordypning - forståelse.
Denne stortingsmeldinga er grunnlaget for LK20.

Andre sentrale dokument som påverkar opplæringa:

- Teknologi og programmering for alle (2016): Ekspertutval om teknologi i grunnopplæringa, leia av Anders Sanne.
- Meld. St. 21 (2016–2017) - regjeringen.no: Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen.
- Inkluderende fellesskap for barn og unge (2018): Ekspertgruppa for born og unge med behov for særskilt tilrettelegging, leia av Thomas Nordahl
- NOU 2019: 3 - regjeringen.no (2019): Ekspertutvalet om kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar, leia av Camilla Stoltenberg.
Nordahl- og Stoltenberg-rapportane er begge del av kunnskapsgrunnlaget for stortingsmelding 6:
- Meld.St.6 (2019-2020): Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO

Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK20): Oppbygning og innhald

Læreplanverket finn du her:

Nye læreplaner – grunnskolen og gjennomgående fag vgo (udir.no)

LK20 gjeld frå og med skuleåret 2020/2021 for 1.-9. steg, og frå og med skuleåret 2021/2022 også for 10. steg. LK20 er bygd opp av ein overordna del og læreplanar for dei ulike faga:

Overordna del: Generelle og overordna føringar for skulen.

- Føremålet med opplæringa
- Utdjuping av verdigrunnlaget
- Prinsipp for læring, utvikling og danning, som t.d.
 - o Sosial læring i faga
 - o Grunnleggande ferdigheiter
 - o Tverrfaglege tema
 - o Å lære og lære
- Prinsipp for skulen sin praksis, som t.d.
 - o Inkluderande læringsmiljø
 - o Undervisning og tilpassa opplæring
 - o Profesjonsfellesskap og skuleutvikling

Læreplanar for faga er bygd opp slik:

- Om faget:
 - o Fagets relevans og sentrale verdiar i faget
 - o Faget sine kjerneelement
 - o Tverrfaglege tema integrert i faget
 - o Dei grunnleggjande ferdigheitene i faget
 - o Kompetansemål og vurdering etter ulike årstrinn.

LK20 skil seg frå førre læreplan Kunnskapsløftet i 2006 (K06) mellom anna ved at ein har lagt vekt på grundigare opplæring i det mest grunnleggjande i dei ulike faga, og fjerna ein del av måla. Ein har difor innført det ein kallar kjerneelement i kvart fag, som vektlegg det mest sentrale i faget. Ein har også eit sterkare fokus på kva rolle vurderinga spelar i opplæringa, og har trekt inn vurdering som eige tema i kvart fag.

Nokre moment som er sentrale er fokus på at opplæringa skal vera relevant, fokus på samanhengar og grundigare læring, også kalla djupnelæring, og elevane si rolle som aktørar i si eiga opplæring. Den nye overordna delen fokuserer på verdigrunnlaget, og legg vekt på at verdiar og sosial kompetanse skal vera ein del av opplæringa, også i dei ulike faga. Teknologi og digitalisering har i denne planen fått ei større rolle og dekkjer eit breiare område enn tidlegare (sjå kap.2.3.). Føremålet med opplæringa ("føremålsparagrafen") seier mellom anna at "Elevane og læringane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.". Dette vil vera ei overordna målsetjing også når det gjeld teknologi og digitalisering.

For å møte det ein kallar sentrale samfunnsutfordringar, inneheld læreplanen tre tverrfaglege emne som er gjennomgåande tema i alle fag. Dette er:

- Folkehelse og livsmeistring
- Demokrati og medborgarskap
- Bærekraftig utvikling

Gjennomgåande i heile læreplanen er også grunnleggjande ferdigheiter. Desse er ikkje nye, men innhaldet er ein del endra frå K06. Dei grunnleggjande ferdigheitene er:

- Munnlege ferdigheiter
- Å kunna skriva
- Å kunna lesa
- Å kunna rekna

- Digitale ferdigheiter

LK20 definerer kompetanse slik:

«Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning.»

Med denne definisjonen finn ein også ei sterkare vektlegging på at elevane skal utforska og vera kreative, både med og utan teknologi. Fokus på variasjon i metodar, sosial utvikling og læring og elevane si evne til å læra og læra også i framtida er andre sentrale moment.

For første gong legg læreplanen også føringar for lærarane og skuleleiinga si læring, samarbeid og utvikling, og det er i denne forskrifta uttrykt at skulen skal vera eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, vurderer og vidareutviklar sin praksis.

Teknologi og digitalisering i LK20:

"Teknologi og digitalisering i samfunnet endrar måten vi lever på. Ny læreplan skal reflektere at teknologiutviklinga skal endra krava og vilkåra for læring" St.meld.28

Digitalisering i opplæringa er både

- Ein del av den faglege kompetansen
- Naudsynte reiskapar for læring og fagleg forståing
- Viktige for utvikling av elevane sin identitet og deira sosiale relasjonar
- Reiskapar for å kunna delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv

Teknologi og digitalisering i skulen er både ein del av måla og ferdigheitene elevane skal tileigna seg, og eit pedagogisk verktøy lærarane skal bruka som middel i opplæringa. Dette er omfattande, og det stiller store krav til lærarane sin pedagogiske, digitale kompetanse å vurdere kva tid og korleis ein skal kunna nyttiggjera seg digitale hjelpemiddel, og kva tid ein ikkje skal gjera det.

Teknologi og digitalisering i LK20 kjem inn som

- Ulike kompetansemål i alle fag
- Som digitale ferdigheiter i alle fag
- Som ein del av elevane si danning og utvikling
- Som ein integrert del av læringsmiljøet
- Som pedagogiske verktøy for opplæring tilpassing og inkludering

Dei fem hovudområda i digitale ferdigheiter er å

- «Bruke og forstå» handlar om å kunna bruka ulike typar digitale verktøy og å ivareta informasjons- og datatryggleik.
- «Finne og behandle» handlar om å tileigna seg, handsama, tolka, vurdere, utøva kjeldekritikk, bruka kjeldetilvisingar.
- «Produsere og bearbeide» handlar om å vera kreativ og skapa eller vidareutvikla ved hjelp av digitale ressursar
- «Kommunisere og samhandle» handlar om læring og utvikling gjennom å kommunisera, samhandla, samskriva og dela.

- «Å utøve digital dømmekraft» handlar om å læra og følgja reglar for personvern, visa omsyn til andre på nett, læra å unngå uønska hendingar, om etisk refleksjon og vurderer korleis ein sjølv framstår på sosiale medier.

Du kan lesa meir her: [Digitale ferdigheter som grunnleggende ferdighet](#)

Teknologi og digitalisering vil også vera integrert i tverrfaglege tema. I folkehelse og livmeistring kan ein til dømes knytta det til utvikling av identitet og positivt sjølvbilde, mellom-menneskelege relasjonar og grensesetjing. Demokrati og medborgarskap handlar mellom anna om å kunna delta i demokratiske prosessar, men også å handtera meiningsbrytningar og respektera kvarandre sine ulike meiningar. Under "Bærekraftig utvikling" er mellom anna teknologisk kompetanse og forståing for ulike dilemma knytta til teknologiutvikling spesifikt trekt fram.

2.3. Kommunale føringar og planar

Stord kommune sin strategi for digitalisering i skule og barnehage skal vera ein del av Stord kommune sin overordna digitaliseringsstrategi. Det vil seia at generelle moment som til dømes personvern, sakshandsaming, nettverk, informasjonstryggleik og juridisk bruk av ulike ressursar berre vil vera inkludert i fagdelen i den grad det er spesifikt for skule. Arbeidet med Stord kommune sin digitaliseringsstrategi startar våren 2021. Også andre kommunale planar er i stadig endring, og samkjøringa mot desse vil difor vera ein del av fagdelen.

3. FØRINGAR FOR FAGDEL

3.1. Målsetjing og rammer

Fagdelen er eit levande dokument som konkretiserer nokre av føringane i strategidelen, men som også er eit arbeidsdokument og hjelpemiddel for alle aktørar som arbeider med teknologi og digitalisering i Stordskulen.

Fagdelen skal saman med den strategidelen ivareta målsetjingane i LK20, og skal vera eit verktøy for kvalitetssikring og like vilkår. Både utdanningsperspektivet og danningperspektivet skal vera sentrale, og ein skal ivareta dei ulike sidene ved det digitale samfunnet.

Det er eit vilkår at denne blir følgt opp med fagleg, pedagogisk og digital kompetanse og ressursar i kommunen sentralt og på skulane for å kunna fungera etter intensjonen. Fagdelen skal vera

- Dynamisk og oppdatert
- Eit reiskap for å sikra likeverdige og tilpassa tilbod til alle elevar i Stordskulen
- Eit hjelpemiddel for skulane i det daglege arbeidet
- Opplysende og nyttig om fagleg utvikling, forskning og aktuelle samarbeidspartnarar
- Klargjerande og informativ om forventningar, ansvar og overordna føringar
- Informativ om reglar og rutinar knytta til innkjøp og praksis
- Eit reiskap for kompetanseheving og utveksling av erfaringar, til dømes gjennom nettverk
- Eit hjelpemiddel i samarbeid med heimen
- Konkretisering og tydeleggjering av dei sentrale føringane.

3.2. Innhald i fagdelen

Skulane har eit breitt oppdrag knytt til teknologi og digitalisering, og både digitale ferdigheiter, digital kompetanse og digital dømmekraft er sentrale moment. Å meistra den digitale kvardagen inneber å kunna handtera og utnytta teknologien og å forholde seg kritisk. Det inneber å kunna handtera det sosiale samspelet i den digitale verda, å kunna koble seg av og å sjå utfordringane og handtera kompleksiteten dette medfører i eit læringsmiljø. Dette er grundig belyst i LK20, og vil vera eit aspekt i arbeidet i fagdelen. Fagdelen vil ha både praktisk, konkret og fagleg innhald om

- Overordna føringar
- Roller, ansvar og forventningar
- Kompetanse og kompetansebehov
- Utstyr og ressursar
- Administrasjon, informasjon og tryggleik, inkludert personvern og tilgong for ulike aktørar
- Kommunen sine ulike verktøy
- Fagleg innhald og relevant forskning
- Pedagogisk bruk av teknologi og digital dømmekraft
- Ei IKT-trapp som angir minimumskrav for dei ulike klassetrinna
- Innkjøp og innkjøpsrutinar
- Informasjon og kommunikasjon med brukarar og andre aktørar
- Informasjon til og samarbeid med foreldre
- Samarbeid med HVL og ev. andre aktørar.
- Læringslab., Newtonrom og andre aktuelle arenaer.

Fagdelen vil knytast opp mot andre planar, rettleiarar og ressursar. Døme på slike ressursar er Utdanningsdirektoratet (UDIR) sine ressursider, som t.d. IKT-plan og samarbeid med HVL og andre aktuelle instansar. Fagdelen vil knytast opp mot denne og andre ressursar så langt som råd, og skal ikkje vera ein erstatning for desse.

3.3. Prosess og medverknad

Fagdelen skal vera oppdatert og relevant, og krev difor oppfølging frå kommunen. Det må vera fagpersonar på kommunalt nivå som har ansvar for å halda seg oppdatert og følgja opp denne delen på alle område, både når det gjeld

- Sentrale føringar
- Relevant forskning
- Utvikling av læringsressursar
- Kompetanseheving
- Rettleiing og bruk av kommunen sine felles system
- Leiing av nettverk og skulane sine IKT-rettleiarar
- Pedagogisk bruk av teknologi og profesjonell oppfølging av digitalisering vs andre læremiddel
- Administrasjon og innkjøp

Fagdelen vil vera dynamisk og bli jamleg oppdatert. Det vil likevel vera naudsynt med jamlege prosessar og involvering i tillegg til det som blir gjort på dei ulike skulane. Fagdelen skal difor jamleg, t.d. årleg, ha

- Gjennomgang i rektorgruppa
- Gjennomgang i nettverksgruppa med IKT-rettleiarar
- Drøftast med HTV i Utdanningsforbundet og evt. andre organisasjonar.
- Gjennomgang av aktuelle tema med elevråd, FAU og KFU

Deler av fagdelen, særleg det som gjeld prioritering av utstyr og innkjøp av læremiddel skal også takast opp på dei ulike skulane årleg.

4. ROLLER OG ANSVAR

Rapporten «Teknologi og programmering for alle» frå 2016 konkluderer med at det er særleg tre element som er sentrale for om ein lukkast med å implementera teknologi og digitalisering for alle:

- Lærarane sin kompetanse og identitet
- Timar og ressursar
- Skuleeigar og skuleleiar si støtte og tilrettelegging

4.1. Skuleeigar

Skuleeigar sitt ansvar:

«Kommunen skal legge rammer for god utnytting av IKT i både pedagogisk og administrativt arbeid med elevane si læring i fokus.» (Framtid, fornyelse og digitalisering, s. 14)

Skuleeigar skal leggja til rette for god nok kompetanse, rammer som sikrar godt nok utstyr, infrastruktur, kompetanse, tryggleik og personvern, samt kvalitetssikring av sentrale føringar. Skuleeigar skal sørge for at strategidelen og fagdelen blir følgt opp, og sørge for støtte og samarbeid. Skuleeigar skal følgja med i relevant forskning og sørge for at skulane er oppdaterte.

4.2. Skuleleiarar og skular

Skuleleiar sitt ansvar:

«Skuleleiar skal planlegge og støtte opp under lærarane sitt pedagogiske arbeid med IKT, gjennom kompetanse og organisasjonsutvikling» (Framtid, fornyelse og digitalisering, s. 14)

Skuleleiar skal leggja til rette for at skulane har fungerande utstyr, naudsynt kompetanseheving og utviklingsarbeid på skulen og saman med andre skular. Skuleleiar skal sjå til at det er IKT-retteleiar på skulen og følga opp strategidelen og fagdelen. Skuleleiar skal følgja med på sentrale føringar og oppdatering av desse, og på relevant forskning. Skulane skal sørge for at foreldre får naudsynt informasjon, og leggja til rette for samarbeid med heimen.

4.3. Lærarar og lærarkollegium

Lærarane sitt ansvar:

«Lærarane skal leie klassen sitt læringsarbeid og vere trygge i val av læremiddel og ressursar som bidrar til klassen og elevane si læring». (Framtid, fornyelse og digitalisering, s. 14)

Lærarane skal individuelt og saman i profesjonsfellesskapet vera oppdaterte på overordna føringar og relevant forskning, digitalisering knytta til eigne fag og pedagogisk bruk av teknologi. Lærarane skal setja seg inn i og meistra bruken av aktuelle og relevante digitale ressursar og sørga for praktisk tilrettelegging knytta til inkluderande opplæring og tilpassa opplæring. Lærarane skal kvar for seg og saman reflektera over pedagogisk bruk av teknologi i opplæringa.

4.4. IKT-avdelinga

IKT-avdelinga har ansvar for:

IKT-avdelinga har eit særleg ansvar for drift, brukarstøtte og vedlikehald av infrastruktur og anna aktuelt utstyr, innkjøp i tråd med fagdelen samt administrasjon og forvaltning av overordna, felles system. IKT-avdelinga har det gjennomførande ansvaret for informasjonstryggleiken slik som trygging av maskinvare, tenarmaskinar, program og nettverk, og skal også kvalitetssikra Databehandlaravtalar med leverandørar av aktuell programvare/ system.

IKT-avdelinga har også ansvar for å leggja til rette for at dei som treng det får tilgong (om mogleg) til aktuelle ressursar i skulen.

4.5. Elevar

Elevane har ansvar for:

«Elevane skal tileigne seg gode digitale ferdigheiter og dømmekraft gjennom opplæringa og lære å utnytte digitale læremiddel kreativt og skapande.» (Framtid, fornyelse og digitalisering, s. 14)

Elevane skal delta aktivt i opplæringa, koma med eigne innspel og meiningar, samt bidra til at teknologi blir utnytta i tråd med skulen sitt verdigrunnlag. Elevane skal også visa respekt for andre i bruken av teknologi og ulike medier, og halda seg til reglane som gjeld.

4.6. Føresette

Føresette har ansvar for:

«Foreldre og føresette har hovudansvaret for barnet si oppseding og utvikling, og for å samarbeide med skulen i arbeidet med elevane sine digitale ferdigheiter og dømmekraft.»

Foreldra skal tileigna seg naudsynt informasjon og bidra med kunnskap og innspel både individuelt og gjennom FAU. Foreldra har ansvar for å følgja opp elevane heime, formidla behov og delta i dialog med skulen.